

Innspel budsjett 2026 – FAU Hjørungavåg skule

Til Hareid kommune

Vi ønskjer med dette brevet å uttrykkje sterk bekymring for planane om forslag om nedlegging av ein skule i Hareid kommune.

Som foreldre, innbyggjarar og FAU-representantar i området meiner vi at ei slik avgjerd vil få store og langvarige konsekvensar – både for elevane, lokalsamfunnet og framtida til bygda.

Hjørungavåg skule – meir enn berre ein skule

Hjørungavåg skule er ein viktig del av nærmiljøet vårt.

Den gir barna våre ein trygg og oversiktleg kvardag med korte avstandar, god tilhøyrsløse og tett kontakt mellom heim og skule. Dette er forhold som er avgjerande for trivsel, læring og tryggleik, særleg for dei yngste elevane.

Ei nedlegging av skulen vil føre til lengre reiseveg for barna, brot i etablerte sosiale fellesskap og auka belastning for familiar i området. Samstundes vil eit fråvær av skule svekkje lokalsamfunnet, redusere tilflytting og føre til færre barnefamiljar i bygda.

Skulen er ikkje berre ein læringsarena, men ein berebjelke i eit levande nærmiljø og ein sentral faktor for bustadattraktivitet, engasjement og samhald i bygda.

Økonomi, realitetar og ansvar

Vi har forståing for at kommunen må sjå på økonomiske løysingar, men vi meiner at dei langsiktige sosiale og samfunnsmessige konsekvensane må vegast tyngre enn dei kortsiktige innsparingsbehova.

Kommunen må konkret leggje fram korleis dei meiner å spare 6 millionar kroner i året – med open rekneskap og realistiske føresetnader.

Det må dokumenterast kor desse tala kjem frå, og om kostnadene ved skuleskyss, investering i brakkar og tilrettelegging faktisk er tekne med i rekneskapen.

Vi vil også stille spørsmål ved kvifor Hareid skule ikkje blir råka, når det er der ein ser svakare budsjettkontroll og større ressursbruk.

Eit døme: Då elevane frå Bigset og Hjørungavåg deltok på Lego League i Ørsta, stilte frivillige foreldre opp og køyrde – på eiga tid og kostnad.

Hareid barneskule stilte derimot med innleigd buss både fram og tilbake.

Dette seier mykje om korleis ressursbruken faktisk varierer mellom skulane.

Eit anna spørsmål:

I forrige periode vedtok regjeringa (med SP) ei ekstraløyving på 500.000 pr skule i kommuna. Taper vi dei ved nedlegging?

Kapasitet og kvalitet på skuletilbodet

Det er ikkje plass til 89 ekstra elevar på Hareid skule – noko anna er reint vrøvl.

Å setje opp brakkar er ikkje ei forsvarleg eller lovleg løysing.

Opplæringslova stiller klare krav til forsvarlege skulelokale, læringsmiljø og tryggleik for elevane.

Desse mellombelse løysingane vil i tillegg vere dyre, både økonomisk og kvalitativt.

Barna vil få færre vaksne rundt seg, og lærartettleiken vil gå ned.

Dette er særleg bekymringsverdig for dei som treng tett oppfølging, tryggleik og eit mindre læringsmiljø.

Forsking viser at skulenedlegging og samanslåing ofte fører til uro, svekka motivasjon og dårlegare læringsutbytte.

Kva vil det koste Hareid kommune og samfunnet om kvaliteten på skuletilbodet blir dårlegare?

Barnas rettar og medverknad

Etter Barnekonvensjonen artikkel 12 og 31 har barn rett til å bli høyrde i saker som gjeld dei, og rett til fritid, lek og kvile.

Lengre reisetid til skulen grip direkte inn i dette, og gjer kvardagen meir krevjande for både barn og foreldre.

FAU ber om at kommunen sikrar reell medverknad frå både elevar, foreldre og tilsette før det blir fatta ei så alvorleg avgjerd.

Konsekvensar for lokalsamfunn og tilflytting

Ein lokal skule er avgjerande for at barnefamiliar vel å bu i bygda.

Når skulen forsvinn, svekkjast tilflyttinga, næringsgrunnlaget og det sosiale livet i bygda.

Dette er dokumentert i fleire kommunale utgreingar frå andre delar av landet.

Kva vil Hareid kommune tape i form av redusert folketal, lågare skatteinngang og tapt engasjement når skulen blir borte?

Hjørungavåg har eit aktivt og inkluderande lokalsamfunn, med foreldre som tek ansvar og stiller opp for både barn og fritidstilbod.

Skulen er ein naturleg møteplass for frivillige, lag og organisasjonar – og ein avgjerande faktor for trivsel og identitet.

Å leggje den ned er å rive ut hjartet av bygda.

Framtidsperspektiv og utvikling

Kommunen må også tenkje langsiktig.

Kva om elevtalet aukar igjen om fem år?

Kva om det kjem ny tilflytting, generasjonsskifte eller bustadbygging?
Ein nedlagt skule er vanskeleg å opne igjen, og kan stå i vegen for framtidig vekst.
Skulen bør heller sjåast som ein ressurs for utvikling, ikkje ein utgiftspost.
Sambruk av bygg, samarbeid mellom krinsar eller gradvis tilpassing av drifta kan gi store gevinstar utan å svekkje skuletilbodet.

Rettferd og ansvarleg styring

Vi meiner det er urimeleg at Hjørungavåg og Bigset skal vere dei som betalar prisen for budsjettpresset, medan Hareid skule går fri.
Hareid skule bør i staden vurdere endringar i krinsgrensene, og sende fleire elevar til Bigset eller Hjørungavåg – noko som ville avlasta kapasiteten og skape betre balanse.
Kommunen må vise at dei står for ein rettferdig og framtidsretta skulepolitikk, ikkje ei kortsiktig brannsløkking på bekostning av dei minste bygdene

Vår oppmoding

Vi ber difor kommunen om å revurdere planane om nedlegging, og i staden gå i open og konstruktiv dialog med foreldre, tilsette og lokalsamfunnet.
Vi ønskjer å bidra til å finne løysingar som tek vare på både barna og bygda vår.
Ein skule er ikkje ein kostnad å kutte – det er ei investering i framtida.

Med venleg helsing
FAU ved Hjørungavåg skule